



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/4081-

31.08.2016

Hordaland fylkeskommune - utviklingsarbeid haust 2016 og vår 2017 - tilsegn om tilskot

Kulturdepartementet syner til brev av 15. august 2016 med søknad om midlar til utviklingsarbeid hausten 2016 og våren 2017.

Fylkeskommunane kunne i følgje brev av 2. mai 2016 søkje om inntil kr 75 000 til utviklingsarbeid. Tilskotet skal primært nyttast til kurs eller samlingar om ”idrettsanlegg.no” eller andre aktuelle tema innan fagområdet idrettsanlegg.

Kulturdepartementet gjev Hordaland fylkeskommune tilsegn om tilskot på inntil kr 75 000 til tiltaka som er skildra i søknaden.

Frist for innsending av rapport og rekneskapsoppsett er 1. september 2017, men gjerne så snart tiltaka er gjennomførte. Rapporten skal gje ei samanfating av tiltaka som er gjennomførte i perioden. Kostnadene som er knytt til tiltaka skal gå fram av eit eige rekneskapsoppsett.

Departementet ber fylkeskommunen opplyse om kontonummer for overføring av midlar og om eventuell melding til mottakaren (maksimum 40 teikn). Det er ikkje naudsynt å sende inn kopi av faktura og liknande. Departementet skal likevel kunne kontrollere rekneskapen.

Med helsing

Ole Fredriksen (e.f.)
avdelingsdirektør

Marita T. Gamlemshaug
rådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan handskriven signatur.